

Doserar mellom 2 stolar

21.10.2015



Kommunen ved verksemdsleiar Tormod Fossheim konstaterar at kalkdoseraren i elva har falt mellom 2 stolar etterat ansvarleg Arne Gjellan gjekk av. No planlegg dei å overføra ansvaret for drifta av anlegget til Synneve Skei i verksemd for helsetenester, men først må dei ha orden på økonomien. Fossheim har sendt eit langt brev til fylkesmannen og bedt om eit møte om tidlegare og framtidig drift.

Kommunen må ha refundert 60 000 kroner for å dekke dei reelle netto utgifter som dei har hatt med doseraren til utgangen av fjoråret. I år er det budsjettert med 31 000 til føremålet men for å dekke inn desse kostnadane må kommunen ha 31 000 til refundert frå fylkesmannen.

tekst, foto og nett.Ola Matti Mathisen